

Vedtekter for Kyrkjebladet Hyrdingen

§ 1 SIKTEMÅL (Formål)

Kyrkjebladet Hyrdingen dekkjer alle kyrkjesokna i Vindafjord. Siktemålet med bladet er å nå ut til alle husstandane i sokna og eventuelle utanbygdes abonnenter, med oppbyggjøleg, informerande og kunngjørende stoff om kyrkje og kristenliv i dekningsområdet. Sokneråda i Vindafjord står bak bladet.

§ 2 ORGANISERING

§ 2.1 Årsmøte og styrande organ

Det er sokneråda i Den norske Kyrkja i Vindafjord som står bak kyrkjebladet Hyrdingen, som medlemmer i foreininga Kyrkjebladet Hyrdingen. Sokneråda deltar i avgjørder som vert gjort gjennom årsmøtet, som er Kyrkjebladet Hyrdingen sitt øvste organ. Desse utøver eigarskapet gjennom årsmøtet, som har det overordna ansvaret for drifta av bladet.

På årsmøtet møter med røysterett:

- a) 1 representant frå kvart sokn, vald av og medlem av, sokneråd.
Dekker eit sokneråd fleire sokn kan dei ha ein representant for kvart kyrkjesokn.
- b) Redaktøren

Desse skal enten vera innmelde skriftleg på førehand som representant for den dei representerer, eller ha med seg fullmakt signert av den som elles ville vore representant med røysterett.

I årsmøtet kan fylgjande møta med talerett, men utan røysterett:

Styre og redaksjonsnemnd for Hyrdingen.

Årsmøtet skal helst haldast kvart år før 1. mars. Styret har ansvar for å kalla inn til årsmøte. Dersom dei ikkje gjer dette kan leiatar av minst 4 sokneråd i saman kalla inn til ordinært årsmøte.

§ 2.2 Vedtak i årsmøtet

Årsmøtet vel sjølv møtedirigent og referent. Referat frå årsmøtet vert sendt til dei innkalla med røysterett.

Årsmøtet skal godkjenne årsmelding, rekneskap og budsjett. Årsmøtet gjer vedtak om disponering av overskot i rekneskapen og dekking av underskot.

Årsmøtet skal velje eit styre på 3-5 personar der minst 2 set i sokneråd. Det skal veljast minst 2 varamenn. Styremedlemmer vert valde for 2 år, men slik at ikkje alle styremedlemmer er på val samstundes.

Årsmøtet vel leiaren i styret og avgjer om dette valet er for 1 eller 2 år om gongen.

Årsmøtet kan gjere vedtak om møtegodtgjersle til styremedlemmer dersom dei finn dette tenleg. Evt. godtgjersle til utsendingar til årsmøtet må dekkast av dei desse representerer.

Årsmøtet skal gjere vedtak om rekneskapsførar og revisor.

Årsmøtet godkjenner endringar i vedtekten med 2/3 fleirtal av dei frammøtte med røysterett, når innkalling er gjort med minst 14 dagars varsel. Endringar i vedtekten skal vera sendt til høyring hos sokneråda før årsmøtet kan handsama desse. Dette gjeld på same måte dersom talet på sokn som kyrkjebladet skal dekke, skal endrast.

§ 2.3 Styret sine oppgåver

Styret vel seg imellom nestleiar og sekretær. Styret avgjer kven som skal utføre dei forretningsmessige oppgåvene (neste avsnitt). Redaktøren møter i styremøta med tale og forslagsrett, utan røysterett.

Styret har ansvar for den økonomiske drifta av bladet. Dette omfattar val av trykkeri, distribusjon, annonser og sponsorar; og søker offer eller annan støtte der dei finn dette naudsynleg. Styret kan gjere vedtak om format og sidetal dersom når dette er grunngjøve i økonomi. Styret skal fastsetje bladpengar. Dersom det er aktuelt skal styret organisera innsamling av annonsar og fastsetja annonseprisar. Styret skal følgje med på at budsjettet vert følgt, og setje opp budsjett for neste år.

Styret skaffar medlemmer til redaksjonsnemnda.

Styret tilset eller oppnemner redaktør.

Styret gjer vedtak om evt. godtgjersle til redaktør og medlemmer av redaksjonen.

Styret gjer vedtak om kven / kva selskap som skal ha ansvar for grafisk utarbeiding og fordeling av arbeidet mellom redaksjon, grafisk byrå og trykkeri.

Styret v/ leiar førebur årsmøtet med sakspapir til alle saker, og skal leggje fram for årsmøtet til godkjenning: årsmelding, revidert årsrekneskap og framlegg til budsjett for neste år for. Framlegg til revisorar, rekneskapsførar.

Referat frå styremøta vert sende til sokneråda for orientering.

Leiar i styret har signaturrett for foreininga.

§ 2.4 Redaksjonsnemnda

Redaksjonsnemnda skal bestå av 4-6 medlemmer, inklusiv redaktør. Medlem av redaksjonsnemnda vert oppnemnd av styret for 4 år om gangen og bør ha ei geografisk spreiing i området Hyrdingen dekkjer.

Redaksjonsnemnda har ansvaret for utforming og val av stoff til alle utgåver av Hyrdingen i samarbeid med redaktøren. Dei organiserer arbeidet seg i mellom med å hente inn stoff frå eksterne eller sjølv å skrive dette. Redaksjonen representert ved redaktøren er ansvarleg stoffet. Er det usemje om stoffet i redaksjonen eller mellom redaksjon og styret, tek redaktøren avgjerd.

Redaksjonsnemnda har ansvar for at det vert stoff i bladet frå alle kyrkjessokna etter ei rullering, men dette kan variere mellom utgåvene og tilgangen på stoff.

Redaktøren eller den i redaksjonen han delegerer oppgåva til, har rett til å redigere i artiklar når dette her til hensikt å rette språklege feil, føye til overskrifter, ingressar, tekstar til bilete eller å korte ned artiklar. Større endringar skal ikkje gjerast utan forfattaren sitt samtykke. Redaksjonen kan velje å nytte stoff som er kome inn til å utforme redaksjonell artikkel i staden for opphaveleg innsendt tekst, når dei finn at dette er mest tenleg for å gjere bladet lesarvennleg og interessant.

Redaktøren kan avvise å ta inn stoff i Hyrdingen utan å grunngje dette.

Redaktøren har ansvar for å få inn stoffet til rett tid og vidaresenda det til trykkeriet. Redaktøren er ansvarleg for layout og korrektur.

Kyrkjebladet Hyrdingen skal redigerast på nynorsk. Redaksjonsnemnda kan godkjenne at tekst som er utarbeida på andre målformer, vert nytta i bladet i einskildtilfelle.

§ 3 PLAN FOR UTGJEVINGAR

Ein tek sikte på å gje ut 6 nummer kvart år. Styret kan godkjenne endringar i dette med verknad for eit år om gongen. Sidetalet vert løpande justert ut frå stofftilgang og økonomi, men minimum 12 sider for kvart nummer.

Kyrkjebladet eller stoff som tilhøyrer kyrkjebladet, kan gjerast tilgjengeleg på internett. Redaksjonen redigerer og legg ut dette stoffet. Styret tek avgjelder i spørsmål knytt til domene, økonomi og kan setja nærmere retningslinjer for bruk av internett og sosiale medier.

§ 4 ØKONOMI OG GJELD

Kyrkjebladet Hyrdingen kan ikkje stifte gjeld ved låneopptak. Dersom det er naudsynleg å låne midlar inn i drifta må dette gjerast av, og stillast til disposisjon av, fellesråd eller sokneråda.

§ 5 AVVIKLING

Avgjerd om evt. avvikling av kyrkjebladet kan gjerast av årsmøtet med 2/3 fleirtal i to etterfylgjande årsmøte, med 3 månaders mellomrom. I slikt tilfelle vel årsmøtet eit avviklingsstyre som tek avgjerd om midlar som tilhøyrer kyrkjebladet. Det same gjeld udekka underskot, gjeld og tap som er opparbeida, og evt. fordeling av dette mellom fellesråd og sokneråd.

Vedtekne på årsmøte, dato 24. oktober 2017